

Revisjonskrav for Ulla-Førre



Bykle kommune
Hjelmeland kommune
Suldal kommune

Versjon 2 (20.02.2018)

Innhald

1. Innleiande del	3
Bakgrunn	3
Kort om utbygginga	3
Prioritering av Ulla-Førre for vilkårsrevisjon	4
Standardvilkår	5
Revisjon og vassforskrifta	5
Vasskraftproduksjon og naturomsyn – miljødesign som metode.....	6
Minstevassføring, krafttap, O/U-prosjekt og ny kunnskap	7
Omfanget av revisjonskravet.....	7
Revisjon må opnast nå	8
2. Problem, tiltak og krav	8
Villrein	8
Anleggsveggar	11
Kulturminne.....	12
Ferdsl og bruk av Blåsjø.....	12
Tema særleg for Suldal.....	12
Suldalsvassdraget	12
Mostølen/Moen	14
Bekkjarøybekken og Mosvatnet.....	15
Gaukstøljuvet og vinterfriluftsliv.....	15
Eivindsåa og bekkeinntak i Strandaliane	16
Mosvatnområdet ved Gullingen.....	17
Krav om andre tiltak i og langs vassdrag	18
Tema særleg for Hjelmeland	19
Tusso, Trodla Tysdal	19
Førreåa, Jøsenfjorden.....	19
Kviåa, Jøsenfjorden.....	20
Krav etter dagens konsesjonsvilkår	21
3. Prioriteringar	22

Framsideo:foto:

1. Laks i Ulla, 2. Stovassdammen, 3. Utsikt over Blåsjø, 4. Villrein i Ryfylkeheiane

Jarle Lunde/SuldalFoto.no

1. Innleiande del

Bakgrunn

Det blei gitt samtykke til utbygging av Ulla-Førre vassdraga i 1974. Konesjonen kan reviderast i 2022 dersom vertskommune eller andre representantar for allmenne interesser krevje revisjon, og at NVE deretter vedtek å opna for dette.

Vassdragsregulering påverkar dei fysiske forholda i vassdrag slik som vassføring, vasstemperatur og vasskvalitet. Slike endringar har ofte ein negativ effekt på fisk og andre ferskvassrelaterte artar. Også økosystemet på land blir påverka, villreinen kan til dømes miste sitt funksjonsområde på bakgrunn av at trekkområde blir neddemt. Vatn og vassdrag er også ein sentral del av naturopplevinga i samband med friluftsliv og reiseliv.

Bakgrunnen for revisjonsbestemmelsen er eit behov for å forandre og ajourføre eldre konsesjonar som blei gitt i ei tid da det ikkje blei stilt same miljøkrav ved utbygging som no. Dermed kan ein oppnå ein betre samsvar mellom vilkår i eldre konsesjonar og dagens lovverk og miljøstandarar. I dag er det t.d. vanleg at det blir pålagt minstevassføring.

Krav om minstevassføring og magasinrestriksjonar er vanlig i revisjonssaker. Slike tiltak vil kunne gi vesentlige miljøforbetringar, samstundes vil det kunne medføre reduksjon av energiproduksjonen.

Vassforskrifta krev at det blir sett miljømål for alle vassførekomstar og at det blir sett inn forbetringstiltak der miljøtilstanden ikkje er god nok. Vasskraftregulering utgjer ein vesentlig påverknad i våre kommunars vassførekomstar.

Det er store natur og landskapsverdiar innafør Ulla-Førreutbygginga sitt nedbørsfelt. Her er fire elver som er lakseførande, deriblant eit nasjonalt laksevassdrag. Her er areal innafør fleire landskapsvernområde. Fjellområda er nasjonale villreinområde og inngår i europeisk villreinregion sør. Både låglandet og fjellet er viktige i turismesamanheng, mens nedre delar er viktige for nærmiljøet (Suldalsvassdraget og Ulla).

Kort om utbygginga

Ulla-Førre er Nord-Europas største vasskraftanlegg og strekkjer seg over Bykle, Hjelmeland og Suldal kommunar. Vatn til kraftproduksjon blir henta frå eit reguleringsområde på om lag 2000 km².

Omfatta er Førreåna, Ulla, Suldalslågen og ei rekkje mindre vassdrag.

Anlegget omfattar 20 større og mindre dammar, om lag 40 bekkeinntak og 125 km tunneler. Blåsjø er det største magasinet, og består av ei rekke fjellvatn i 1000-1100-meters høgd som er regulert til eit stort samanhengande magasin. Blåsjø er Noregs største kraftmagasin målt i energiinnhald.

035.Z Ulla-Førre

Revid: 303.

Konsesjoner: KDB-nr. 479.

Konsesjonær: Statkraft Energi AS.

Revisjonsadgang: 2022. Revisjonskrav ikke fremmet.


Tekniske fakta:

Kraftverk: Hylen (0,95 TWh/år), Kvilldal (3,6 TWh/år) og pumpekraftverket Saurdal (1,3 TWh/år) mellom Hylsfjorden, Suldalsvatn, Lauvastølsvatn og Blåsjø. I tillegg Stølsdal kraftverk (62 GWh/år) og pumpene Stølsdal og Hjorteland.

Reguleringer: Deler av vassdragene Årdal, Førre, Ulla og Otra er overført. Blåsjø (125 m) er viktigste lagringsmagasin, dels ved pumping via Saurdal. 11 andre magasiner og en rekke bekkeinntak.

Restriksjoner: Minstevannføring i Suldalslågen og Kvilldalsåna. Magasinrestriksjoner i Sandsavatnet og Mosvatnet.

Påvirket område: 50-100 km elv og 50-100 km² innsjø.



Fakta om Ulla-Førre. Frå NVE sin rapport nr. 49/2013¹

Prioritering av Ulla-Førre for vilkårsrevisjon

I NVE sin rapport nr. 49/2013² blir det med utgangspunkt i gitte føresetningar og utvikla metodikk foreslått at

- 50 vassdrag gis høy prioritet ved revisjon
- 53 vassdrag gis lågare prioritet
- 84 vassdrag ikkje blir prioritert

Ulla-Førre er blant dei vassdrag foreslått med lågare prioritet. Me meiner av fleire grunnar at Ulla-Førre må ha høgste prioritet:

- I dei nasjonale føringane blir det slått fast at det kan gjerast andre prioriteringar i vassregionane som følgje av betre lokal kunnskap eller som følge av andre regionale prioriteringar. I tråd med dette er Ulla og Førreåna høgst prioritert i «Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016-2021». Vassregionen prioriterer Ulla og Førre for å betre forholda for laks. Dette kan truleg gjerast med mye mindre krafttap enn det som er forutsett i NVE sin rapport. Det fremgår også av faktaarket i 49/2013 at «[d]et antas at betydelige miljøforbedringer kan oppnås med vesentlig lavere krafttap.»
- Norge har eit spesielt ansvar for vern av atlantisk laks. Reguleringa påverkar fire laksevassdrag. Dette er Suldalsvassdraget (Suldalslågen, Kvilldalsåna og Suldalsvatnet), Ulla, Førreåna og Årdalsvassdraget (Tusso og Bjørg). Suldalslågen er utpeikt som nasjonalt laksevassdrag.

¹ Rapport nr. 49/2013: Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering

² Rapport nr. 49/2013: Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering

- Norge forvaltar dei siste livskraftige bestandane av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Det er fastsatt eit nasjonalt mål om at villreinen sitt leveområde skal sikrast. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane er det villreinområde i landet som har størst belastning av kraftutbygging. Områda har status som Nasjonalt villreinområde. Ein revisjon kan betra forholda for villreinen.
- Blåfjell pumpe fikk konsesjon i 2013. Den gong blei det foreslått eit avbøtande tiltak for villreintrekk. Dersom myndighetene fann det påkrevd opplyste Statkraft at dei var innstilt på gjennomføring av tiltaket. NVE, og seinare Departementet, gikk i mot dette, og viste at tiltaket høyrde til tidlegare utbyggingar og såleis høyrde heime i ein kommande vilkårsrevisjon.

Standardvilkår

Standardvilkår, blant anna om naturforvaltning, blir fastsett av vassdragsmyndighetene for alle nye vassdragskonsesjonar. Vilkåra gir miljømyndighetene heimel til å påleggje konsesjonær undersøkingar om kva konsekvensar kraftproduksjonen har for økologien i vassdraget samt enkelte avbøtande tiltak for å redusere dei negative konsekvensane.

I Naturmeldinga³ og Energimeldinga⁴ blir det slått fast at regjeringa vil bruke standardvilkår for naturforvaltning meir aktivt til å forbetre tilstanden i utbygde vassdrag.

Konsesjonar gitt før 1992 har ikkje moderne naturforvaltningsvilkår. Gjeldane konsesjon for Ulla-Førre gir likevel i noko grad heimel for miljømyndigheter å påleggje konsesjonær å koste miljøundersøkingar og avbøtande tiltak.

Ei revisjonssak kan være tid- og ressurskrevjande. Dette inneberer at det kan ta lang tid å få til miljøforbetringar. Det at standard naturforvaltningsvilkår i dag ikkje er på plass for Ulla-Førre bør ikkje vere til hinder for at ein kan få gjennomført fleire miljøtiltak som ikkje påverkar energiproduksjon, før nye vilkår er vedtekne. Dette må i så tilfelle vere ein frivillig avtale med Statkraft eller pålegg som NVE gjer som ein del av revisjonsprosessen for å få fram eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Revisjon og vassforskrifta

EUs rammedirektiv for vatn og den norske vassforskrifta er sentrale i revisjonsprosessen. Dei lokale tiltaksanalysane og forvaltningsplanane gir nyttige innspel til prioriteringane av miljøomsyn og kva tiltak som bør vurderast i revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår vil være eit sentralt virkemiddel for å betre miljøtilstanden, noko som er eit hovudmål i vassforskrifta. Men det er òg viktig å understreke at revisjon omfattar meir enn miljømåla; revisjon omfattar alle vilkår som er sett i konsesjonen og som regulerer tilhøvet mellom konsesjonær og dei allmenne interessene i vassdraget.

Sterkt påverka vassdrag blir etter vassforskrifta kalla sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). Sjølv med realistiske avbøtande tiltak er det i disse ikkje mulig å nå miljømåla som gjeld for naturlege vassførekomstar (god økologisk tilstand, GØT). Hovudregelen er at miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar er godt økologisk potensial (GØP). Miljømåla er spesifikke for den enkelte SMVF, og

³ [Meld. St. 14 \(2015–2016\) - Natur for livet](#)

⁴ [Meld. St. 25 \(2015-2016\) – Kraft til endring](#)

er tilpassa den samfunnsnyttige bruken av vassførekomsten. Miljømålet GØP kan justerast basert på ny kunnskap eller endring i vurderinga av kva som er nyttig for samfunnet. Samstundes er det eit krav om også GØP-ar skal tilfredsstillast krava til «fungerande akvatisk økosystem».

Forskrifta har også bestemmelsar om unntak frå miljømåla, slik som fristutsetting, mindre strenge miljømål (MSM) og muligheit til å tillate ny verksemd, sjølv om dette medfører at miljømåla ikkje nås.

«Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016-2021» blei godkjent av Klima- og Miljødepartementet (KLD) i juli 2016. I planen har følgjande elveforekomstar innan Ulla-Førre fått målet godt økologisk potensial (GØP):

- Tusso
- Suldalslågen
- Ulla
- Førreåna
- Kvilldalsåna

Kommunane stiller ulike krav i tilknytning til alle desse vassførekomstane.

Følgjande reguleringsmagasin har målet GØP :

- Sandsavatnet
- Stovedalsvatnet
- Vestre Kaldavatnet
- Skorpevadhøl
- Vassbottvatnet
- Vatn 1012 (1014)
- Bjørndalsvatn
- Lauvastølvatnet
- Blåsjø

Miljømålet for magasinane ovanfor er å sikre forhold som gir sjølvproduserande stammar av innlandsaure. Ingen nye tiltak er foreslått for desse i forvaltningsplanen. Prøvefiske kan vere aktuelt i fleire magasin for å få oppdatert kunnskap om miljøtilstanden, og med påfølgjande tiltak.

Vasskraftproduksjon og naturomsyn – miljødesign som metode

Bakgrunnen for ein revisjon er eit behov for å fornye eldre konsesjonar. Dagens miljøkrav, miljøstandardar og kunnskap er annleis enn då konsesjonen blei gitt.

I nyare tid har man forska seg fram til løysingar for korleis vasskraftproduksjon og omsyn til natur betre kan gå hand i hand. Dette blir kalla miljødesign. Dette er ein metode for å ta vare på dyr og natur samstundes som man produserer lønnsam fornybar energi.

Eit miljødesign-prosjekt består av to hovuddelar. I første fase stiller man ein diagnose for vassdraget. Her er det viktig å trekke inn tilgjengeleg kunnskap av ulike type. Kraftselskap, myndigheter og lokale har og kan formidle varierende kunnskap. Basert på diagnosen for vassdraget, blir det designa tiltak som skal sikre gode kår for fisken der det ikkje er godt nok. Dette kan til dømes vere å spesialtilpassa vassføringa etter fisken sitt behov gjennom året, eller det kan vere å gjere forbetringar i elveløpet.

Samstundes er det viktig å sjå på muligheiter for å auke kraftproduksjon med ein annan bruk av vatnet eller endra drift som ikkje påverkar miljøet negativt.

Nærare om miljødesign for laks er omtalt i «Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag»⁵. Det er og laga ein kort introduksjonsvideo⁶.

Kommunane meiner dette vil vere ein god metode og tilnærming for å oppnå gode løysingar i Suldalsvassdraget, Ulla, Førreåna og Tusso.

Minstevassføring, krafttap, O/U-prosjekt og ny kunnskap

Nedstraums dei mange magasina og bekkeinntaka i reguleringa er det berre i Suldalslågen og Kvilldalsåna det er pålegg om minstevassføring. I revisjonskravet blir minstevassføring fremma som eit aktuelt tiltak i fleire elvar. Formålet er å sikre eit godt livsmiljø for akvatiske planter og dyr, deriblant aure og laks. Saman med habitatjusterande tiltak kan sjølv avgrensa vassmengde gi store forbetringar. Kor stor vassmengde ein treng må avklarast gjennom miljødesign.

I den totale vurderinga må ein og kunne ta omsyn til at reguleringa utnyttar eit stadig aukande tilsig, og at kraftproduksjonen gradvis aukar samanlikna med det som var forutsett då konsesjonen blei gitt. I den nasjonale gjennomgangen (NVE 49/137) blir det oppgitt at Rogaland og Aust-Agder har hatt eit auka tilsig på 2,7 og 3,3 % i perioden 1981-2010 samanlikna med førre 30-årsperiode.

Kommunane krev ingen endring i manøvreringsreglementet til magasina (bortsett frå formalisering av Statkraft sin frivillige magasinrestriksjon for Mosvatnet).

Generelt er det manglar i kunnskapsgrunnlaget. Eit sentralt krav er difor å auke dette for så å kunne vurdere kva som er dei beste konkrete tiltaka, t.d. biotopforbetrande tiltak eller storleik på minstevassføring.

Jamfør retningslinjer for revisjon er opprusting og utviding (O/U) av eksisterande vasskraftprosjekt relevant å vurdere i samanheng med ein revisjon. «En kombinasjon av O/U og revisjon vil gi muligheter for i større grad å avbøte skader og ulemper i vassdraget, samtidig som kraftproduksjonen kan opprettholdes og i noen tilfeller økes.» Kommunane meiner eventuelle opprusting og utvidingsprosjekt må sjåast i samanheng med revisjonen.

Omfanget av revisjonskravet

Retningslinjene for revisjon⁸ er eit sentralt dokument for utarbeidinga av kravet. Her heiter det:

Et krav om revisjon vil være tilstrekkelig begrunnet med en beskrivelse av hvilke skader og ulemper som må avbøtes, hva som er utilfredsstillende eller ikke fungerer og hvorfor, og eventuelt forslag over hvilke type tiltak og endringer det eventuelt kan være behov for.

I tråd med dette er det ikkje lagt til grunn ei omfattande innsamling og gjennomgang av dokumentasjon og utgreiingar for å vise til moglegheiter for å betre naturmiljøet.

I prosessen mot eit revisjonskrav har:

⁵ <http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/temahefte/052.pdf>

⁶ <https://www.youtube.com/watch?v=5uwLBzHTnTo>

⁷ http://publikasjoner.nve.no/rapport/2013/rapport2013_49.pdf

⁸ Det kongelige olje og energidepartement 2012: Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer

- det blitt sendt ut skriv til grunneigarar, organisasjonar og lag frå alle tre kommunane, der ein har invitert til å koma med innspel
- det vore folkemøte i Jøsenfjorden i regi av Hjelmeland kommune
- det vore møte med Statkraft
- det vore møte med fagavdeling hjå Fylkesmannen og Fylkeskommunen

Revisjon må opnast nå

I KLD sin godkjenning av den regionale vassforvaltningsplanen blei Ulla (nedre) angitt med miljømål som «høyere enn dagens tilstand og som trenger nye tiltak som kan medføre tap av kraftproduksjon». For alle vassdrag sett i denne kategorien blei måloppnåing sett til 2033.

For Årdalsvassdraget tok det 17 år frå Hjelmeland kommune fremja krav om revisjon av konsesjonsvilkåra til OED gjorde vedtak i 2015 (!). Det blei stor frustrasjon over at det tok så lang tid, og det er og påpeikt at dette skapte ein lokal uvilje mot vasskraftutbygging.

Revisjonsprosessane må effektiviserast. Tilfelle Årdalsvassdraget kan ikkje vere retningsgivande for revisjon av Ulla-Førre. Kommunane ønskjer på vegne av allmenne interesser muligheita for å sikre miljøforbetring i og langs vassdraga.

Bykle-, Hjelmeland- og Suldal kommune krev at det blir opna revisjonssak for fastsetting av nye vilkår i Ulla-Førre. Formålet er å betre miljøforholda. Standard naturforvaltningsvilkår må tas inn i ny konsesjon, og den må tilpassas ny kunnskap om natur og vassmiljø, samt endringar i samfunnsutviklinga.

Eventuelle opprusting og utvidingsprosjekt må sjåast i samanheng med revisjonen.

Revisjon må opnast i noverande planperiode etter vassforskrifta, slik at nye vilkår kan tre i kraft i 2022.

2. Problem, tiltak og krav

Villrein

Ulla Førre-utbygginga har ført til at villreinen sine beiteområde er redusert og at gamle trekkvegar er blitt neddemde og stengde for reinen. Saman med utbygginga Vinje-Tokke, Røldal-Suldal, Øvre Otra og Sira-Kvina er Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane det villreinområde i landet som har størst belastning av kraftutbygging.

Dei store vasskraftutbyggingane har påført villreinen store endringar i levevilkåra, både fordi store beiteområde er neddemde og fordi ein del av dei kjende trekkvegane er stengde eller under press. Slike konsekvensar kan knytast direkte til Ulla-Førre, men og som samverkande effektar med dei andre reguleringane i området, med kraftlinjer, turistløyper og anna menneskeleg bruk.

Eit av områda som ser ut til å vera ein flaskehals for at villreinen skal bruka større delar av heia er Steinbuskaret og området rundt. Status i dag er at villreinstammen i praksis ser ut til å vera delt i ein sørleg og ein nordleg stamme, og at store område vest for Blåsjø i berre liten grad blir nytta av villreinen.

Historikk

I samband med Ulla Førre utbygginga vart det drøfta kor den nye traseen for turistløype nord-sør skulle gå, i og med at oppdemminga av Blåsjø øydela opphavleg trase.

Det kongelige miljøverndepartement sendte 10.08.1976 eit brev til Styret for Njardarheim Veidemark der dei drøfta ulike måtar å løyse spørsmålet om fastsetting av ny trase for turistløypa. I innleiinga til dette brevet står det:

«Blåsjømagasinet i Ulla Førre reguleringen vil ødelegge den eksisterende nord-syd-gående turiststien gjennom området. En omlegging av stien vil enten måtte skje ved en flytting til øst- eller vestsiden. En tredje mulighet er å la stien gå mellom de to hoveddelene av magasinet.

Ulla Førre reguleringen vil videre i vesentlig grad kunne ødelegge livsbetingelsene for villreinen i området. Trekkveier vil bli sperret, beiteområde neddemt eller avskåret og anleggstrafikk vil føre til forstyrrelser for dyrene.

En flytting av turiststien til østsiden av Blåsjø vil fra fotturistenes synspunkt være langt å foretrekke fordi en her har mulighet til å unngå anleggsinngrep over lengre strekninger. Det er samtidig på det rene at østsiden av Blåsjø vil være et av de viktigste gjenværende områder for villrein og at en tursti gjennom området kan virke forstyrrende for reinen.»

Løypa vart vedteke lagt til aust-sida av Blåsjø magasinet og grunngevinga var:

«Begrunnelsen for å legge stien på østsiden og ikke på vestsiden var at en på denne strekningen kunne unngå å se anleggsinngrep over lengre strekninger.»

Bykle kommune klaga på dette vedtaket 06.09.76, og klaga vart avvist veg Kgl.res 22.04.77.

Ei hytte som Stavanger turistforening hadde tenkt å bygge ved Pøylåna vart flytta til Vassdalstjønn. Storsteinhytta, Hovasshytta, og Vassdalstjønn vart også bygd som del av det nye løypenettet.

Kva er gjort?

Det største problemområdet i heia har vist seg å vere i dette området. Dette er frå gamalt av den viktigaste trekkruta for utveksling av dyr mellom nord og sør. No har ein gjennom mange år sett at denne fungerer dårleg. Fleire ting er gjort:

- To år etter at Blåsjømagasinet vart fylt opp innførde Statskog ei jaktfri sone (1989) i området rundt Gyvatn-Steinbuskaret. Denne fredingssona vart utvida i 2000.
- Statskoghytta Gyvatn som er ei gamal Heiberg hytte i dette området vert ikkje leigd ut.
- I 1998 vedtok OED at vegen inn til Blåsjø skulle vere stengt med bom ved Venehei, med unntak av 15.08-30.09 der ein skulle kunne køyre til Beinlei.
- I 2000 var Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane verna etter Naturvernlova, Kronprinsregentens resolusjon av 28.04.2000. Samstundes vart Steinsbuskaret-Hisdal biotopvernområde oppretta i medhald av Lov om viltet av 29.05.81 nr.38.
- Alt areal i sørenden av Blåsjø ligg i dette biotopvernområde, og det er ferdselsforbud heile året i sone A. Unntak er for dei som går på merka løype, grunneigar som utfører tilsyn med eigedom, tilsyn og drift av kraftanlegg, samt sanking og tilsyn av sau.

Då det første GPS-merkeprosjektet vart sett i gong i 2006-2010 var det særleg interessant å sjå om villrein faktisk trekte gjennom Steinsbuskardet og vidare sørover/nordover. Det var også interessant å sjå på barrierar som låg i denne trekkruta lenger sør eller lenger nord for Steinsbuskaret. Ein såg at det var ei deling og forskyving mot aust av kjerneområde for villrein. Det var meir eller mindre slutt på trekka aust og vest for Blåsjø magasinet. Det var redusert bruk av områda lengst vest.

Ut frå dette ser ein utfordringar i høve til genetisk mangfald, syklisk beitebruk og utøving av jakt. Etterkvart vil tradisjonsberande dyr bli borte (dei som er vant til å trekke gjennom område).

Det andre GPS-merkeprosjektet 2013-2017, har peika ut Steinsbuskardet og omkringliggende fjellområde som eitt av fleire fokusområde. Dette prosjektet har som mål å prøve ut avbøtande tiltak og er ikkje avslutta. Simulering av tiltak som er drøfta vil gå vidare i RENREIN prosjektet som ikkje er venta å bli avslutta før 2020.

Kva kan vere aktuelt å undersøke?

Villreinen sitt leveområde er sterkt oppdelt som ei følge av vasskraftutbygginga. Dette kan me normalt ikkje gjere noko med. Enklare er det å sjå på dei barrierar som kjem i tillegg, og som ikkje har direkte med magasinane å gjere. I dette område er det kraftliner, vegar og løyper i området. I tillegg vert område brukt i samband med jakt, fiske og beitebruk.

Skal villreinstamma bruke ein større del av heia og skal det bli meir utveksling av dyr mellom områda, må ein vurdere kva for barrierar som verkar mest hemmande og kva som er muleg å få til. Regime for opning, stenging med bom og forvaltning av anleggsvegar er eit viktig tema. Turistløyper og turisthytter har vore drøfta på grunnlag av ny kunnskap om trekkaktivitet gjennom GPS –prosjekta.

Det kan på sikt vere aktuelt å flytte både løypenett og turisthytter frå austsida av Blåsjø til vestsida av magasinet. Før dette kan realiserast treng ein meir kunnskap om effektane for villrein. Dette må også sjåast i samanheng med trekkulegheitene som ligg nord og sør for flaskehalsen i Steinbuskardet. Det er denne kunnskapen som mellom anna GPS merkeprosjektet og simulering av avbøtande tiltak kan gi oss. Vidare kan det vera aktuelt å sjå på tiltak for å lette villreinen sine trekk andre stader, t.d. frå Blåfjellområdet til Dyråheio.

Kommunane vil understreke at for villrein med stor områdebruk og den sykliske bruken av heia, vil det vere avgjerande å sjå alle revisjonsprosessar under eitt. I denne samanheng vil kommunane stø seg på notatet som er sendt frå verneområdestyre for Setesdal, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane til NVE, datert 17.11.2017.

Krav:

Kommunane føreset at regulanten fortsatt bidreg økonomisk, og på anna vis, til vidare forskning på effektane av vasskraftutbygginga og mulige effektar av kompenserande tiltak.

Kommunane krevja at regulanten gjennom reviderte konsesjonsvilkår blir pålagt ansvar for å bidra til aktuelle kompenserande tiltak som kjem fram som eit resultat av GPS-merkeprosjekta og vidare forskning på tema. Aktuelt tiltak kan blant anna vere å flytte turisthytter/løypenett frå austsida av Blåsjø til vestsida av magasinet.

Det er viktig at konsesjonsvilkåra for Ulla Førre-anlegga blir sett i samanheng med konsesjonsvilkåra for dei andre nærliggande vasskraftanlegga, og at ein vurderer konsekvensar og tiltak for heile villreinområde sett under eitt.

Anleggsvegar

Bomvegane på Venehei og Beinlei

NVE gjorde i 1998 vedtak om å avgrense allmennheten sin tilgang til å ferdest på anleggs-/ driftsvegen mellom Venehei og Storvassdammen i Suldal, Hjelmeland og Bykle kommune. Etter klage blei vedtaket stadfesta av Olje- og energidepartementet i 1999. Ei prøveordning skulle tas opp til evaluering i 2001 og 2002. I 2005 fatta NVE nytt vedtak om å forlenga prøveperioden med 10 år. I 2014 søkte Statkraft om å forlenga ordninga til sluttrapport og faglige anbefalingar frå GPS-merkeprosjektet på villrein føreligg i 2018. NVE gjorde vedtak den 30.6.2016 om å forlenga dagens ordning frem til og med 2018.

NVE skreiv i sitt vedtak av 8.2.2005: «Hovudårsaka til at NVE og Olje- og energidepartementet frå 1999 og fram til i dag likevel har funne det rett å avgrensa trafikken på deler av Blåsjøvegen, er den store nasjonale interessa for og verdien av å taka vare på villreinstamma i Setesdals-, Sirdals- og Ryfylkeheiane. Og ettersom dette er ei reinsdyrstammes som gjennom meir enn førti års kraftutbygging (Sira-Kvina-, Lyse-, Ulla Førre-, Røldal-Suldal- og Otrautbyggingane) gradvis har fått redusert både beiteområder og trekkvegar, så er alle tiltak som ein reknar med kan betra tilhøva for denne stamma viktige. Og difor har så langt prinsippet om opne vegar måtta vika i denne saka».

Anleggsvegen til Skreivassdammen

Vegen frå Oddatjørndammen til Skreivasskleivane er gruslagd og er stadvis i dårleg forfatning. Den blir ikkje brøytta og er i praksis stengd fram til snøen smelter normalt sett i første halvdel av august til snøen legg seg igjen om hausten.

Anleggsvegen til Førrevassdammen

Vegen frå Oddatjørndammen til Førrevassdammen er open etter at den blir brøytta om sommaren. Den er viktig som turistveg. Vidare over dammen er veggen stengd med bom.

Interessene omkring vegane er mange og sprikande. Innspel til kommunane i samband med revisjonskravet vitnar om det. Med bakgrunn i villreinproblematikk blir det tatt til orde for å stenge vegane meir enn i dag. Med bakgrunn i utmarksnæring, men og frå friluftssinteresser, blir det argumentert for eit mindre restriktivt bomregime, og opne vegar til Førrevassdammen og Skreivassdammen. Til sistnemnde er det og ønskje om oppgradering.

Krav:

Dagens ordning held frem til og med 2018 for bomvegane på Venehei og Beinlei på Blåsjøvegen. Innan den tid må Statkraft sørge for å ha eit faktagrunnlag på plass om dagens bruk og konsekvensar for opning/stenging av vegane. Ein må vurdere ferdsla vs villreinen på alle vegar i tilknytning til Blåsjøvegen, inkludert veg til Førrevassdammen, Beinlei/Storvassdammen og til Skreivassdammen. Dialog med ulike interessegrupper blir her viktig.

Statkraft må syte for at anleggsvegane vedlikehaldas og er opne for allmenn ferdsel i den grad det er forsvarleg utifrå omsyn til villreinen.

Kulturminne

Det er registrert ei rekkje automatisk freda kulturminne langs vassdraga innafør konsesjonsområdet. Fleire av disse ligg i erosjonssona. Pr i dag kjenner me ikkje til tilstanden til disse.

I tillegg til dei me veit om er det eit potensial for ytterligare funn av både automatisk freda og nyare tids kulturminner.

Krav

Det må registrerast både automatisk freda og nyare tids kulturminne for å få ein oversikt over kulturminneinteressene i og langs vassdraga, samt ei kartlegging av skade på kulturminner i erosjonsbeltet. Dette vil danne eit viktig kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere om det er behov for å pålegge utbyggar erosjonssikring av eventuelle kulturminne.

Kommunane krev eit kulturminnefond for å ta vare på kulturminne som er skada på grunn av vassdragsutbygginga, flytta frå neddemde område eller som på andre måtar har tilknytning til dei aktuelle områda.

Ferdsl og bruk av Blåsjø

Blåsjø blir nytta til båttrafikk både i samband med utmarksnæring og friluftsliv. Med ei reguleringshøgde på 125 meter er det uråd å bli lokalkjent med farvatnet. Nye farar kjem fram etter kvart som Blåsjø blir tappa.

Båttutsett ved Oddatjørndammen er i svært dårleg forfatning.

Krav:

Det må lagast dybdekart og gis god informasjon. Båttutsett må vølast. Det må leggest fast dekke.

Tema særleg for Suldal

Suldalsvassdraget

Suldalsvassdraget er sterkt regulert (Røldal-Suldal 1965-1967, Ulla-Førre 1979-1986). Reguleringane har medført redusert ungfiskproduksjon i lakseførande del av vassdraget. Som eit avbøtande tiltak for redusert ungfiskproduksjon er Statkraft pålagt å drive kultivering i Suldalslågen. Etter pålegg frå Miljødirektoratet skal Statkraft gjennomføre ei årleg utsetting av 40 000 laksesmolt.

I regional plan for vassforvaltning (2016-2021) går det fram at ein til neste planfase skal forbetre kunnskapsgrunnlaget for Suldalslågen gjennom problemkartlegging og/eller avbøtande tiltak.

Suldalslågen har status som nasjonalt laksevassdrag. Gytebestandsmålet for laks i vassdraget er satt til 2318 kg hofisk. Vitskapleg råd for lakseforvaltning har i sin årlige statusrapport⁹ konkludert med at forvaltningsmålet er nådd for laksebestanden, men i samanheng med klassifiseringa av bestanden

⁹ [Anon. 2017. Vedleggsrapport med vurdering av måloppnåelse for de enkelte bestandene. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 10b, 868 s.](#)

etter kvalitetsnorma for villaks¹⁰ er delnorma «Gytebestandsmål og høstingspotensial» nedskrive frå *god* til *moderat* på grunn av effekten av kultivering på effektiv bestandsstørrelse. Delnorma «Genetisk integritet» er også klassifisert til *moderat*. Samla gir dette *moderat* tilstand for villaksen i Suldalslågen etter kvalitetsnorma.

Fangsten i Suldalslågen frå 2011 til 2016 har variert frå 718 til 1145 laksar pr år. I fangstane har det vært store innslag av kultivert laks (laks frå klekkeriet på Ritland). Innslaget har vært på over 30 % i tal og over 40 % i vekt i desse åra. Den haustbare stammen i Suldalslågen er under dagens forhold heilt avhengig av den kultiverte laksen. Det store innslaget av kultivert laks tyder på dårlege vilkår for vill-laksen i Suldalslågen. Reguleringsane av Suldalslågen og gjeldande vassføringsregime, har ført til dårlegare forhold for laksen når det gjelde vassføring, vassstemperatur, vasskjemi og gyte- og oppvekstområder.

Reguleringa av Suldalslågen til kraftproduksjon har hatt negative effektar for habitat for laksefisk, blant anna i form av sedimentering og begroing av substratet. Desse prosessane har blitt forsøkt motverka ved å ha ein serie med spyleflaumar på over 200 m³/s om hausten. På oppdrag frå Statkraft inverterte NINA oppvekst- og gyteforhold for laks i Suldalslågen¹¹. Kartlegginga følgde retningslinene og metodane gitt i handbok for miljødesign. Habitatkvalitet og produksjonspotensial for ungfisk ble vurdert ut frå kartlegging av botnsubstrat, mesohabitat (elveklassar) og måling av skjul i elvebotnen (hulromsmålingar). Vurderingane blei supplert med data frå ungfiskundersøkingar gjennomført i 2016 og data frå gyteegropregistreringar gjennomført i 2014. Av det undersøkte arealet blei 28 % ble klassifisert som høgproduktivt, 66 % klassifisert som moderat produktivt og 5 % ble klassifisert som låg produktivt. Analyse av flaskehalsar for produksjon av laks viste at den viktigaste avgrensande faktor er tilgang til skjul.

Anadrom strekning går vidare frå Suldalslågen til Suldalsvatnet og opp i fleire elver. Me har liten kunnskap om dette.

Krav

Det må gjennomførast eit miljødesignprosjekt i Suldalsvassdraget.

Det har vore gjennomført ei rekkje miljøundersøkingar i Suldalslågen. Gjennom eit miljødesignprosjekt må ein nytte tilgjengeleg kunnskap og sette ein diagnose for vassdraget. Der ein treng ny kunnskap må det gjennomførast nye undersøkingar. Basert på diagnosen må ein designa tiltak som skal sikre gode kår for fisken der det i dag ikkje er godt nok.

Anadrom strekning i Suldalsvassdraget inkluderer Suldalsvatnet og nedre delar av Kvildalsåno, Brattlandsdalselva og Roalkvamsåno. Dei to siste inngår i Røldal-Suldal utbygginga der konsesjonen går ut i 2022. Suldal og Odda kommune vil i den samanheng krevje endra miljøvilkår for ein ny konsesjon. I den saka er det kjent at Hydro jobbar med å få inn nye eigar, slik at konsesjonen kan løpe vidare til evig tid utan en fornying med nye vilkår. Kommunane vil likevel krevje at det blir ein revisjon av alle vilkåra i konsesjonen. Ein bør difor søke samarbeid med Hydro og få til eit felles miljødesignprosjekt. Me vil her vise til § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning) i naturmangfoldlova og at heilskapleg forvaltning av vassførekomstane er formålet med vassforskrifta.

¹⁰ Anon. 2016. [Klassifisering av 104 laksebestander etter kvalitetsnorm for villaks. Temarapport nr 4, 85 s](#)

¹¹ Foldvik, A. & Pettersen, O. 2017. [Inventering av Suldalslågen. Produksjonspotensial for sjøvandrende laksefisk](#). NINA Rapport nr 75. Norsk institutt for naturforskning(NINA), Trondheim.

Det som blir gjennomført av tiltak i nedre del av vassdraget vil kunne påvirke øvre del og motsett. Punkt 5 og 7 nedanfor har samanfallande kunnskapsbehov for dei to konsesjonærømråda.

Me vil peika på følgjande problemstillingar som må løftast fram:

1. Auka sedimentering og begroing. Det må utarbeidast ein plan for tiltak som kan setjast i verk for å restaurere habitatet i elva, deriblant tiltak som auke tilgang til skjul i elvebotnen. Aktuelle tiltak kan vere harving/ripping¹² av elvebotnen og tilførsel av stein for etablering av steinrygger og steingrupper.
2. Temperaturen i Suldalslågen er lågare om sommaren og høgare om vinteren enn i uregulert tilstand. Det må utgreiast tiltak som kan påvirke temperaturen med omsyn til å optimalisere elva som gyte- og oppvekstområde for anadrom fisk. I samband med dette vil ein ha utgreidd moglegheita og verknaden av å få bygd ein undersjøisk demning ved Helganes slik at kaldt vatn ikkje renne ned i hovudlaupet slik som i dag.
3. Mosåna har historisk vært av stor betydning som oppvekstområde for laks. Etter Ulla- Førre reguleringa blir Mosåna i periodar heilt tørrlagt. Denne sideelva er difor ikkje lenger egna som oppvekstområde. Ein må vurdere minstevassføring og biotopforbetrande tiltak. Det er framlegg om 150 l/s frå Mosvatnet.
4. Forbetring av gyte og oppvekstområde for anadrom fisk i sidebekkar/elver av Suldalslågen. Ein må auke kunnskapsgrunnlaget om desse som habitat.
5. Det er observert lakseyngel i Kvildalsåna og Brattlandsåna. Det er også gjort observasjonar av laks i Suldalsvatnet. Ein vantar kunnskap om anadrom laksefisk sin oppgang i Suldalsvatnet og bruk av vatnet med sidebekkar/elver. Ein må auke kunnskapsgrunnlaget.
6. I tørre periodar med lite restvassføring, er minstevassføringa i Kvildalsåno så låg at nedre del av elvelaupet nær Suldalsvatnet blir svært liten. Dette er svært uheldig sidan heile årsklassar med yngel av både aure og laks kan bli slått ut. Ein må vurdere å auke minstevassføringa i turre periodar, samt biotopforbetrande tiltak.

Eit relevant spørsmål ved ein eventuell oppbygging av bestandar av anadrom fisk i Roalkvamsåno, Brattlandsåno og Kvildalsåno er effekten av Hysten på opp og nedvandrande fisk.

7. Storauren i Suldalsvatnet er den eine av to storaurebestandar i Rogaland. Ein slik bestand utgjør ei genetisk distinkt gruppe som har beite-, vekst- og kjønnsogningskarakteristika som skil den frå andre grupper av aure i den same eller andre innsjøar, og som har gytelokalitetar der det også kan gyte mindre aure. Jfr Sægrov¹³ gyt storauren i Roaldkvamsåno, og sannsynlegvis i Brattlandsdalsåno og Kvilldalsåno.

Ein treng å auke kunnskapen om storauren i Suldalsvatnet. På bakgrunn av ei problemkartlegging kan ein sette miljømål og tilhøyrande tiltak.

Mostølen/Moen

Problemstilling

¹² <http://www.cedren.no/Portals/Cedren/Ripping-Resetaurering%20av%20bunnssubstrat%20med%20ripping-CEDREN-innovasjon-2017.pdf>

¹³ Sægrov, H. 2014: Fiskeundesøkingar i Suldalsvatnet i 2013

Området er prega av kraftutbygginga med anleggsveg og turrlagde elvar nedstøms bekkeinntak. Gaukstølåno, Jonstølåno, og Kyrkjestenåno går saman og dannar Storåa. Ingen av elvane har minstevassføring. Landskapsbilde er dermed forringa, noko som gjer at ein viktig del av naturopplevinga fell bort i eit viktig friluftslivsområde.

Tiltaket er også direkte årsak til at tilgang på drikkevatt ved Mostøl er vanskeleg for hytteeigarar der.

Statkraft fikk for nokre år sidan utført erosjonsførebyggjande tiltak i Storåna. Det blei i dette prosjektet og gjort nokre forsøk på å etablere naturlege tersklar med vasspeglar langs strekninga, mellom anna like ved Mostøl. På grunn av tilhøva i elvebotnen sig vatnet fort ned og det er berre kort tid (kan hende berre eit døgn etter flaum) at vatnet er synleg i det som var tenkt å vera kulp med vasspegel.

Storåna øvre (036-154-R) og Mostølen/Moen (036-153-R) er i plassert i kategorien «Sterkt modifiserte vassførekomstar» i regionalplan for vassforvaltning med mindre strenge miljømål (MSM). Miljømål er satt til dagens tilstand. Det økologiske potensialet er vurdert å vere dårleg, men påliteghetsgraden til denne vurderinga er lav då den er basert på ein påverknadsanalyse. Det manglar undersøkingar frå elva som kan seie noko meir sikkert om det økologiske potensialet.

Krav:

Minstevassføring og fungerande tersklar i Mostølområdet. Det må gjerast ei undersøking for å finne ut om ein bør sleppe vatn i ein eller fleire av bekkeinntaka. Dette med bakgrunn i landskap og opplevingsverdi, men og for å finne økologisk potensial, med påfølgjande biotopjusterande tiltak.

Bekkjarøybekken og Mosvatnet

Om lag ved kvote 970, i Dyraheio landskapsvernområde, er det laga ein dam/voll som leiar vatnet bort frå Bekkjarøybekken mot bekkeinntak vest for Mosvatnet. Ein konsekvens av dette er at vassgjennomstrøminga i Mosvatnet er blitt redusert og det er blitt peika på auka tilgroing på botn av vatnet.

Krav:

Vasskvalitet i Mosvatnet bør undersøkast med påfølgjande iverksetting av tiltak dersom kvalitet ikkje er god.

Gaukstøljuvet og vinterfriluftsliv

Mildare vintre med auka vintervassføring har gjort tilkomsten til Gaukstøljuvet vanskeleg og utrygg. Dette gjeld både for turistferdsla etter den kvista løypa mellom Jonstøl og Bleskestadmoen, og for grunneigarane sin snøskutertransport i området. Dammen ved tunellinntaket i Gaukstølåno er eit særleg kritisk punkt.

Krav:

Det må leggst til rette for ein tryggare ferdselsveg på austsida av Gaukstølåno. Dette innebærer mellom anna bygging av ei bru/terskel for trygg kryssing av Gaukstølåno ved inntaksdammen, opparbeiding av ny trase på austsida av åno, samt ny bru over Gaukstølåno om lag 400 meter nedstraums Gaukstøl. Dei aktuelle tiltaka har allereie fått dispensasjon etter verneføreskrifta for Dyraheio landskapsvernområde.

Eivindsåa og bekkeinntak i Strandaliane

I området frå Kvildal til Bråtveit langs med Suldalsvatnet, har det vorte arbeida med å oppretta nytt naturreservat i samband med ordning for frivillig vern av skog¹⁴. Strandaliane naturreservat vert på 11.3 km². Tilråding av vern blei sendt Frå Fylkesmannen i Rogaland til Miljødirektoraret 2. august 2017.

Føremålet med naturreservatet er å bevare eit stort samanhengande skogsområde med bratte skoglier frå lågland (67 m.o.h.) til fjells som er lite prega av nyare inngrep. Fattig boreal og boreonemoral furuskog og lauvskog dominerer. Eldre boreonemoral edellauvskog/haustingsskog av alm, ask og andre edellauvtre dominerer nokre stader på skredjord i lågareliggande delar. På stammene finst fleire sjeldsynte og nasjonalt trua lavartar.

Dei viktigaste bekkane i området har ei sterkt påverka vassføring då dei blir overført via bekkeinntak til Lauvastølsvatnet. Dette er Eivindsåna (036-71-R), utløpsbekk frå Dørlevatnet (036-99-R) som renn i Rollesjuvet, og Steinsvikebekken (036-78-R).

Området kring Eivindsåna blei i 2008 undersøkt som del av bekkekløftprosjektet (lokalitet 08440 nv av Hestheia)¹⁵. Samla sett blei området verdisett som nasjonalt verdifull (A-verdi). Om vassdragsregulering står det:

«Det er ingen tekniske inngrep, men Eivindsåa har redusert vannføring fordi vannet er ført over til et kraftverk. Arronderingen er allikevel god og bekkekløften er økologisk velfungerende.....»

I 2014 blei det gjort naturfaglege registreringar av skogareal tilbydt for frivillig vern¹⁶. Når det gjeld området rundt Eivindsåna kan ein lese:

I skogvernangelen har også Norge et internasjonalt ansvar for bekkekløfter. Nordvestsiden av Hestheia vurderes til i middels grad å inneholde skogstyper som mangler i skogvernet og naturtypen ble opprinnelig vurdert som svært viktig (A-verdi), men bør trolig justeres ned i verdi fordi øvre del av nedbørfeltet er overført til Kvildal kraftverk.

I tillegg til området rundt Eivindsåna er seks andre område i det komande naturreservatet omtalt som kjerneområde, bl a nedre del av Steinsvikebekken (B-verdi, regional verdifullt) og Rollesjuvet (A-verdi, nasjonalt verdifullt). Sistnemnde er den største bekkekløfta i området, men er i liten grad undersøkt. Området har stor variasjon i substrat og habitat og har eit potensial for raudlisteartar¹⁷.

¹⁴ <https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Miljo-og-klima/Verneomrade/Lokal-og-sentral-hoyring---Oppretting-av-Strandaliane-naturreservat-ved-frivillig-vern-av-skog/>

¹⁵ Ihlen, P. G., H. H. Blom & G. H. Johnsen 2009. Bekkekløftprosjektet – naturfaglige registreringer i Rogaland 2008: Suldal kommune. Rådgivende Biologer AS, rapport 1237, ISBN 978-82-7658-696-1, 82 sider.

¹⁶ Ihlen, P. G., Bjelland, T. & L. Eilertsen 2015. Naturfaglige registreringer av skogarealer tilbydt for frivillig vern i 2014. Aust-Agder, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. Rådgivende Biologer AS, rapport 2083, 79 sider. ISBN 978-82-8308-180-0

¹⁷ Ihlen, P. G., Bjelland, T. & L. Eilertsen 2015. Naturfaglige registreringer av skogarealer tilbydt for frivillig vern i 2014. Aust-Agder, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. Rådgivende Biologer AS, rapport 2083, 79 sider. ISBN 978-82-8308-180-0

Vassdragsregulering blir sett på som ein viktig trussel for bekkekløftnaturen i Norge¹⁸. Me er ikkje kjende med at det er gjort vurderingar av nemnde bekkeoverføringar i forhold til denne problemstillinga. Auka vassføring kan vere viktig for å styrke artar sin overleving.

I regionalplan for vassforvaltning er alle bekkane plassert i kategorien «Sterkt modifiserte vassførekomstar» med mindre strenge miljømål (MSM). Miljømål er satt til dagens tilstand. Det økologiske potensialet er vurdert å vere dårleg, men pålitleghetsgraden til denne vurderinga er lav då den er basert på ein påverknadsanalyse. Det manglar undersøkingar som kan seie noko meir sikkert om det økologiske potensialet og kva påverknad den sterkt reduserte vassføringa har å seie for naturverdiane.

Frå lokalt hold er det opplyst at det tidligare har vore aure i Eivindsåna.

Krav:

Det må vurderast å innføre minstevassføring frå bekkeinntak i Strandaliane. Me anbefalar at det blir gjennomført ei utgreiing for å kartleggje naturmangfald i og ved elvevestrengane med fokus på bekkekløft og eventuelle/potensielle fossesprutsoner, for å vurdere det økologiske potensialet ved ei minstevassføring.

Mosvatnområdet ved Gullingen

Mosvatnet og området rundt er eit særst viktig område for friluftsliv heile året. Det tre kilometer lange vatnet blir om sommaren mykje nytta til bading, kanopadling, roing og fiske. Vinterstid er Gullingenområdet eit av dei mest tilgjengelige områda for vintersport i regionen. I tillegg til dagsbesøk er her i dag om lag 530 hytter, eit turistsenter og ein leirskule. Området er tilrettelagt med lysløype, alpinanlegg og eit oppkjørt løypenett.

Det regulerte Sandsavatnet (560-605 moh) og Mosvatnet (516,2-518,2 moh) utgjer problem for ferdsla på ski. Sandsavatnet er kraftig regulert og har utrygg is. Dette er kjent og vatnet blir normalt ikkje nytta til skigåing.

Tur og skiløype rundt Mosvatnet

Mosvatnet ligg sentralt i skiløypenettet, bla a med løypespor over vatnet. Reguleringa av vatnet og eit aukande problem med overvatn, gjer det tidvis umogleg å gå på ski over vatnet. Skiløypenettet blir dermed innskrenka. I dag skjer løypekjøringa over vatnet med snøscooter (ikkje løypemaskin) i periodar då isen er trygg og det ikkje er overvatn.

Gjeldane reguleringsplan for Mosvatnet-Gullingenområdet opnar for muligheit til å opparbeide tur-/skiløype slik at ein får ei samanhengande løype rundt Mosvatnet. I november 2015 ble det bygd skibru over Fidjana, dermed ligg det til rette for å gå vidare.

Hausten 2017 blei det lagt fram planar for "Mosvatnet rundt". Prosjektet er lagt inn på Suldal kommune si prioriteringsliste for spelemiddelprosjekt for 2019, utan at det ligg nokon forplikingar i dette frå verken kommune eller søkjar (Suldal IL). Prosjektet er i ein tidleg fase, grunneigaravtalar og

¹⁸ [Evu, M. \(red.\), Hofton, T. H., Gaarder, G., Ihlen, P. G., Bendiksen, E., Blindheim, T. & Blumentrath, S. 2011. Naturfaglige registreringer av bekkekløfter i Norge. Sammenstilling av registreringene 2007–2010. - NINA Rapport 738. 231 s](#)

finansiering må mellom anna på plass. Prosjektet vil gjere ferdsel ved det regulerte Mosvatnet langt betre og tryggare.

Gapahuk ved skileikeområdet i Breiastølsdalen

Den mest nytta skiløypetraseen i området går på anleggsvegen frå Gullingen skisenter mot Sandsavatnet. Ved eit punkt ved løypa blir det kvart år laga til eit skileikeområde, eit samarbeidsprosjekt mellom leirskule og Løypekjøraren på Gullingen (Gull-spor). Forutan leirskulen blir dette nytta mye av barnefamiliar. Staden har og tradisjonelt hatt fast bemanning i hovuddagane i påska. Ein gapahuk i dette området vil auka kvaliteten på tilbodet samstundes som det vil kanalisere ferdsla til eit trygt område.

Magasinrestriksjonar i Mosvatnet

Mosvatnet har store grunne område der gjørme blir turrlagde ved lav vasstand. Dette er område som er viktige for leirskulen si verksemd om hausten, og som ved lågaste vasstand skapar store problem for den pedagogiske friluftaktiviteten på vatnet. På bakgrunn av dette har regulanten på frivillig basis innført eit «strengare» vassføringsregime enn kva manøvreringsreglementet tilseier. Ein har ikkje tappa ned Mosvatnet før i veke 44. Vasstanden har fram til då vore mellom 517,2 og 518,2. Dette for imøtegå leirskulen og friluftinteressene sine interesser. Tiltaket har og er svært positivt.

Krav:

Statkraft sin frivillige magasinrestriksjon for Mosvatnet må formaliserast. Utover det har kommunane ingen krav som gjeld vassføring i området, men heller for avbøtande tiltak:

- Ved anleggsvegen/skiløypa mot Sandsavatnet må det byggast ein gapahuk.
- Prosjekt «Mosvatnet rundt» vil gjere ferdsel ved det regulerte vatnet langt betre og tryggare. Regulanten må ta ein vesentleg del av kostnaden ved prosjektet.

Krav om andre tiltak i og langs vassdrag

Problem med straum i Hylen

Ved utsløppstunnelen i Hylen er det sterk straum når kraftverket er i drift. Dette skapar problem.

1. Båttutsett som ligg like ved utløpstunnel har vore vanskeleg å nytte, og pga tryggleik har det dei siste åra vore stengd for allmenn bruk. Dette avgrensar bruken av fjorden. Ein må få på plass eit nytt og betre båttutsett.
2. Kaianlegget blir ikkje nytta. Med mindre straum ville det kunne vore attraktivt både for mindre båtar/fritidsbåtar å legge til kai og ikkje minst å kunne nytte kaien i næring.
3. Sig i grunnen tyder på at straumen eroderer. Dette kan på sikt skape problem for fleire bygningar.

Krav

Hylsfjorden må vere betre tilgjengeleg enn i dag. Ein må vurdere korleis ein kan løyse problema og gjennomføre tiltak.

Tema særleg for Hjelmeland

Tusso, Trodla Tysdal

Tusso er elva som renn ut i Øvre Tysdalsvatnet i Trodla Tysdal. Om lag 1.3 km av elva oppstrøms Øvre Tysdalsvatnet er lakseførande. Vassføringa i dag er om lag 1/3 av opphavleg vassføring. Ein del av nedbørsfeltet blei overført til Lysebotn kraftverk, men seinare, på midten av 1980-talet, blei største delen av nedbørsfeltet overført til Stølsdalen kraftverk. Det er ingen krav til minstevassføring i Tusso.

Problemstilling:

Tusso har svært låg vassføring, dårleg miljøtilstand og begroing, og redusert bestand av laks. Grunneigaren i Trodla Tysdal skriv at det fram til 1980 normalt blei fiska 50-70 laks i elva kvart år. Etter at vassføringa blei redusert til om lag 1/3, har det blitt merkbart mindre laks i elva. På slutten av 1980-talet registrerte grunneigar om lag 20 gytegroper kvar haust, mens det dei siste åra berre har vore 1-2 gytegroper.

Krav:

Det stillast krav om tiltak slik at ein sjølvreproduserande laksestamme kan sikrast. Kor stor vassføring som er naudsynt for å oppnå dette målet må avklarast gjennom revisjonsprosessen. Det gjerast krav om innføring av miljøtilpassa vannslepp. Dette bør vurderast ved hjelp av miljødesign. Det må gjennomførast statusundersøkingar, identifisering av flaskehalser og utgreiing av løysingar etter prinsippa i håndbok for miljødesign for laksevasdrag.

Førreåa, Jøsenfjorden

Heile 89% av vatnet er overført til Blåsjø, og vassføringa ved utløpet til fjorden er om lag 11% av den opphavlege vassføringa. Førreåa har ei anadrom strekning på 2,2 km. Det er ingen krav til minstevassføring i Førre.

Problemstilling:

Det er låge bestandar av både laks og sjøaure. I ei vurdering frå Miljødirektoratet frå 2013 er tilstanden for laksebestanden i Førreåa vurdert som «dårlig», og bestandstilstand for sjøaure ble vurdert som « redusert ». For begge artar blei vassdragsregulering vurdert å vera avgjerande påverkningsfaktor.

Krav:

Det må gjennomførast eit miljødesignprosjekt i Førreåna. Det må vurderast minstevassføring og habitatforbetrande tiltak for å auka bestandane av laks og sjøaure og gjera dei meir levedyktige.

Ulla

Ullavassdraget hadde opphavleg eit nedbørfelt på 395 km² med fleire store innsjøar. Ved utløpet til sjø var middelvassføringa på ca. 32 m³/s. Vassdraget blei regulert i 1982, da det blei bygget fleire store magasin og 83,5 % av nedbørfeltet blei overført til Suldalsvassdraget. Restfeltet på 64 km² gir ein gjennomsnittlig vassføring ved utløpet til sjø på ca. 5,7 m³/s (18 % av opphavelg). Det er ikkje

krav til minstevassføring i Ulla.

Ulla er eit av dei prioriterte vassdraga i «Regionalt tiltaksprogram for Vannregion Rogaland (2016-2021)».

Problem:

Behov for betra naturtilstand for fiske og friluftsliv. Elva har ein storlaks-stamme og det er risiko for at dagens reguleringsregime dreiar seleksjonen mot smålaks, mellomlaks.

Sjøaurebestanden er liten og svak, og står i fare for å forsvinna heilt.

Det er lokalisert 2-3 vandringshinder i elva. Ei utbetring av desse vil bidra til auka produksjon av laksefisk og dermed virka styrkande på bestanden. Anadrom fisk kan truleg nytte heile strekningen opp til Moen, omlag 11 km frå utløp til sjø. I dag endar fisken ved Øvra Neset, om lag 5,5 km opp i elva.

Ein del av tersklane i elva har ein uheldig utforming, og er bygde meir for å sikra eit større vass-spegel og fint landskap, enn for å vera eit habitatforbetrande tiltak. Dannar «daude» parti i elva, med lite straum og lite liv.

Redusert og til tider nesten manglande vassføring gjer at Ulla på mange måtar står fram som ei daud elv. Opplevingsverdien er mindre og gir eit mindre potensiale for vekst og utvikling av fiskebestanden. Dette gir reduserte muligheiter t.d. i forhold til utvikling av reiselivsbasert næringsliv. Lite vassføring gir også negative konsekvensar i forhold til nærfriluftsliv og opplevingsverdiane for dei som bur nær elva i Jøsenfjorden.

Lita vassføring påverkar landskapsbiletet negativt.

Krav:

Det må gjennomførast eit miljødesignprosjekt i Ulla.

Det må innførast eit miljøtilpassa slepp av vatn, som følgje av biologisk undersøking av vassdraget. Vidare må det gjerast biotopforbetrande tiltak som fjerning av vandringshinder (utviding av anadrom strekning til Moen), fjerning/utbetring av tersklar og kartlegging av sidebekkar. Det må også gjerast kartleggingar av naturmiljøet både i og omkring elvar og sidebekkar, for å klarlegga om det er trua naturtypar og/eller arter som vil vera avhengig av vassføringa i elva.

Som del av eit miljødesign bør ein også utgreie muligheiter for auka kraftproduksjon i tilknytning til vassdraget som ikkje går på bekostning av dei miljømessige utbetringane.

Det bør også greiast ut tiltak som hindrar iblanding av oppdrettslaks i Ulla.

Det bør leggjast betre til rette for ferdsel langs elva, og for lettare tilkomst til dei mest aktuelle fiskeplassane i elva. Dette gjeld t.d. tilrettelegging og vedlikehald av stiar og rasteplassar.

Det må greiast ut behovet for erosjonssikring langs heile vassdraget, både med tanke på å hindra utgliding av massar og for å sikra mot flaum.

Kviåa, Jøsenfjorden

Problem:

Avløpet frå Kvivatnet blir tappa via tunnell med inntak under vatn, til Stølsdalen pumpekraftverk.

Dette medfører at Kviåa er heilt eller delvis tørrlagt store delar av året.

Kviåa renn frå Kvivatnet utover fjellbrotet og kastar seg ned fjordsida innerst i Jøsenfjorden. Når det er vatn i fossen er dette eit fantastisk syn. Ein tur inn Jøsenfjorden er for mange ei spektakulær

oppleving, og Jøsenfjorden har truleg eit ganske stort potensial i reiselivssamanheng. Førre og Førrejuvet er i rapporten «Vakre landskap i Rogaland» klassifisert som eit vakkert landskap med stor verdi. Vannføring i Kviåa vil gjera naturopplevinga større og truleg auka landskapsverdien monaleg.

Krav:

For å auka opplevingsverdien for allmenheten og for å byggja opp under Jøsenfjorden som reisemål må det vurderast om det kan sleppast vatn i Kviåa i ein periode om sommaren.

Krav etter dagens konsesjonsvilkår

Følgjande saker meiner me det er heimel for å påleggje regulanten etter gjeldande konsesjonsvilkår.

Ny sti forbi Skorpevadhølen

Etter oppdemminga av Skorpevadhølen vart den opphavlige ferdselsvegen mellom Breiavad og Grjotdalen uframkommelig når vasstanden er høg. Som erstatning for denne ferdselsvegen vart det bygd ein ny sti høgare opp i fjellsida.

Dei siste somrane har det og vore fleire døme på at den nye stien heller ikkje er farbar. I denne nordvendte hellinga blir det liggande ei snøfonn langt utover somrane. Denne snøfonna er svært bratt og farleg å krysse. Når snøfonna er hard er det rett og slett ikkje mogleg å komme fram.

Krav

Det må etablerast ny sti forbi Skorpevadhølen. Om mogleg bør dette gjerast ved å legge ut høge vadesteinar inntil fjellveggen på sørbreidda av Skorpevadhølen.

Prøvefiske

Fisket i Blåsjømagasinet verkar å ha blitt dårlegare dei siste åra. Det same gjeld Gravetjønn og Krossvatn som er påverka av reguleringane. Det må difor gjennomførast prøvefiske/undersøkingar. Ein bør og teste for ørekyte.

Krav:

Det må gjennomførast prøvefiske i Blåsjø, Gravetjønn og Krossvatn. Undersøkingar må følgast opp med eventuelle tiltak for å betre fiskebestanden.

Ein må planmessig gjennomføre prøvefiske og vurdere fiskekultiveringstiltak i alle regulerte magasin. Dette for å sikre forhold som gir sjølvproduserande stammar av innlandsaure.

Kartlegging av utbreiinga av bekkerøye

Det er bestandar av bekkerøye i Blåsjø og fleire andre vatn i Ulla-Førre sitt nedslagsfelt. Alt tydar og på at bekkerøya formeirar seg naturleg i området etter ulike utsettingar på 1970 og 1980-talet. Bekkerøye blir rekna som ein framand art i Noreg.

Krav:

Det er viktig å få oversikt over utbreiinga og dokumentasjon av kor den formeirar seg naturleg, samt ei vurdering av tiltak for å hindre ei vidare spreiding av arten.

Opprydding

Det er fleire tippar i området som ikkje skal vere skikkeleg sluttarrondert og tilsådd. Det ligg og søppel i form av bygningsmaterialar fleire stader i heio.

Krav:

Problem rundt slutføring av tippar, samt søppel i form av bygningsmaterialar i heia, må kartleggast og utbetrast.

Forureining i steintippar

Statnett arbeider med tilkoplingspunkt for straumkabel til England (North Sea Link). I den samanheng er det i gravearbeid i tippar (Eiadalen og Saurdal) dukka opp skrot og forureining knytt til avfall som vart deponert i fyllingane frå Ulla Førre. Dei avfallsproblem som blei avdekka er handtert av Statnett. Det ligg nok ting i desse fyllingane som ikkje skulle vore der.

Krav:

Ein må ha jamleg overvaking av vasskvalitet nedstrøms steintippene for å avdekke eventuell forureining. Dette må følgast opp med naudsynete tiltak.

Veg over utløpsosen i Vassbotnvatnet til Øykjalía, Førre

Ved mykje nedbør/snøsmelting hevar Statkraft vasstanden i Vassbotnvatnet slik at den går over vegen dei laga for nokre år sidan. Vegen er no senka ned for at den ikkje skal demma opp vatnet, men det kunne vore løyst på ein betre måte. Det har vore like før at sauer og lam har blitt tekne av straumen når vatnet har stått over vegen. Det er farleg for både folk og fe. Det er også vanskeleg å koma til og frå sauahegna og hytta når vatnet går over vegen. Vegen er også bratt opp og ned av vatnet.

Det bør vera mogleg for allmennheten å komma til Øykjalía, det må difor vera råd å gå over i osen.

Krav:

Anten må vegen hevast med røyr/kanal under, eller regulanten må slutta å auka vasstanden over vegen.

Tetting av overføringstunellen Oddatjønn-Saurdal kraftstasjon

Overføringstunellen mellom Oddatjønn og Saurdal kraftstasjon er ikkje tett. Lekkasjen av varmare vatn medfører auka vintervassføring i vassdraget nedstrøms Osatjønn. Konsekvensane av dette er auka erosjon og dårlege istilhøve i heile vassdraget.

Krav:

NVE bør vurdere pålegg om å tette lekkasjen i overføringstunellen.

3. Prioriteringar

I retningslinjene for revisjon står det at det vil vere ein stor fordel for det vidare arbeidet om krava blir framsett i prioritert rekkjefølgje. Det finn me vanskeleg då tema, kostnad og geografi blir

vanskeleg å sette opp mot kvarandre. Tre hovudtema skilje seg likevel ut: Suldalslågen, Ulla og villrein.

I revisjonsprosessen vil kunnskapsgrunnlaget auke. Dette blir viktig for å kunne vurdere og konkludere med konkrete tiltak som til døme biotopjustering og storleik på minstevassføring. Ny kunnskap i revisjonsprosessen kan også medføre at kommunane på vegne av allmenne interesser vil kunne endre sine krav eller komme med nye.